



SAKSFRAMLEGG

| | |
|---|----------------------------------|
| Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal | Arkivkode: FE-140, TI-&30 |
| Arkivsaksnr: 18/1011 | Løpenr: 20/658 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|----------|
| Naturutvalet | 18.02.2020 | 002/2020 |
| Kommunestyret | 05.03.2020 | 012/2020 |

Kommunal planstrategi 2020-2023 - Handsaming før offentleg ettersyn

05.03.2020 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg til tillegg/ending i forhold til naturutvalet si tilråding:

"Kommuneplanens arealdel må inn som prioritert plan med oppstart samtidig som kommuneplanen sin samfunnsdel. Samnanger kommune meiner det er viktig at desse to planane jobbast med parallelt, spesielt med tanke på vurderinga av 1-10 skule i Samnanger kommune, der plassering av skule no er høgaktuelt."

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte Øyvind Røen om at framlegget til Monica Tjønnå vart trekt. Han sette i staden fram følgjande fellesframlegg frå Sp, Bl og Frp:

"Som tilrådinga med desse tillegg/endingane:

- Bustadsosial handlingsplan skal vera ein del av samfunnsdelen i kommuneplanen*
- Arbeidet med arealdelen i kommuneplanen skal startast opp parallelt med samfunnsdelen. Fokuset skal då vera spesielt på dei områda som vert arbeidde med i samfunnsdelen."*

Linda Haug Kollbotn (Frp) sette fram følgjande framlegg til tillegg/ending i forhold til naturutvalet si tilråding:

- "Det bør takast inn i samfunnsdelen ei målsetting om ein befolkningsvekst på 3 %.*
- Trafikksikringsplanen må inn som eige punkt i planprogrammet."*

Det vart først røysta punktvis over framlegga til tillegg/endingar.

Røysting over det første kulepunktet i framlegget til Linda Haug Kollbotn

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Røysting over det andre kulepunktet i framlegget til Linda Haug Kollbotn

Framlegget vart samrøstes vedteke.

Røysting over det første kulepunktet i fellesframlegget frå Sp, Bl og Frp:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Røysting over det andre kulepunktet i fellesframlegget frå Sp, Bl og Frp:

Framlegget vart vedteke med 15 mot 6 røyster.

| For fellesframlegget | Imot fellesframlegget |
|------------------------------------|-----------------------------|
| Knut Harald Frøland (Bl) | Øyvind Strømmen (MDG) |
| Lena Tveit (Bl) | Oskar Røen (MDG) |
| Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) | Jon Magne Bogevik (Ap) |
| Dag Nydal (Bl) | Shirin Kvernes Khadoor (Ap) |
| Solveig Vassenden (Bl) | Gunn Østvik Petersen (Ap) |
| Ove Totland (Bl) | Harald Boge (Ap) |
| Øyvind Steinsland (Bl) | |
| Knut Loneland Høibraaten (Bl) | |
| Linda Haug Kollbotn (Frp) | |
| Odd Arne Haga (Frp) | |
| Håvard Tvedterås (Frp) | |
| Monica Tjønnå (Sp) | |
| Øyvind Røen (Sp) | |
| Gunn Totland Moss (Krf) | |
| Arild Røen (H) | |

Til slutt vart det gjennomført røysting der naturutvalet si tilråding inkludert vedtekne tillegg/endingar vart sett opp mot naturutvalet si tilråding. Naturutvalet si tilråding inkludert vedtekne tillegg/endingar vart samrøstes vedteke.

KS- 012/2020 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, andre ledd vert framlegg til kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2020-2023 lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til statlege og regionale organ og nabokommunar.

Det vert gjort følgjande endingar i forhold til naturutvalet si tilråding:

- Det bør takast inn i samfunnsdelen ei målsetting om ein befolkningsvekst på 3 %.
- Trafikksikringsplanen må inn som eige punkt i planprogrammet.
- Bustadsosial handlingsplan skal vera ein del av samfunnsdelen i kommuneplanen
- Arbeidet med arealdelen i kommuneplanen skal startast opp parallelt med samfunnsdelen. Fokuset skal då vera spesielt på dei områda som vert arbeidde med i samfunnsdelen.

18.02.2020 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Planleggar Ragnhild Lønningdal orienterte om arbeidet med planstrategien og kva føringar som ligg i PBL.

Utvalet var svært engasjert og kom med mange forslag til gode tiltak, som kan gå inn i arbeidet med samfunnsplanen (KPS).

Planstrategien kjem til ny handsaming den 21 april i Naturutvalet, etter den har vore sendt ut på høyring.

Utvalet røysta over framlegget frå rådmannen som vart samrøystes vedteke.

NAT- 002/2020 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, andre ledd vert framlegg til kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2020-2023 lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til statlege og regionale organ og nabokommunar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, andre ledd vert framlegg til kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2020-2023 lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til statlege og regionale organ og nabokommunar.

Dokument som er vedlagt:

Kommunal planstrategi 2020-2023

Folkehelseoversikt 2019-2023 godkjent v. rådmann (kortversjon)

Kva saka gjeld:

Plan- og bygningslova § 10-1 stiller krav om at kommunal planstrategi skal utarbeidast av kommunen og vedtakast seinast eitt år etter at nytt kommunestyre har konstituert seg. Planstrategien skal oppsummera kommunen sitt planbehov, og rangera kva planar kommunestyret ynskjer å prioritera utarbeiding eller rulling av i valperioden.

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklara kva for planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden for å møta kommunen sine behov. Eit viktig siktemål er å styrka den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast. Arbeidet med kommunal planstrategi vil gje ei betre og meir systematisk vurdering av kommunen sitt planbehov slik at kommunen betre kan møta dei aktuelle utfordringane.

Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Dette er også nedfelt i plan- og bygningslova § 3-1 tredje ledd om oppgåver og omsyn i planlegging etter lova.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Planstrategien er også eit eigna verkty for å vurdere kommunen sit plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til kommunedelplanar, tema- og sektor(fag)planar.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan. Kommunal planstrategi er følgeleg ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden.

Planstrategien bør omfatta ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

Vurderingar og konsekvensar:

Administrativt framlegg til kommunal planstrategi 2020-2023 er vedlagt dette sakspapiret, og alle vurderingar og konsekvensar finn ein skildra der.

Vedlagt ligg også Folkehelse rapport for Samnanger kommune 2019 - 2023, og denne utgjer kunnskapsgrunnlaget for planstrategien. Folkehelse rapporten er utarbeidd som ein fullversjon på 160 sider, og ein kortversjon på 40 sider. Fullversjonen inkluderer alt statistikkgrunnlaget som er brukt i utarbeidinga.

Kortversjon av folkehelse rapporten ligg som vedlegg til planstrategien. Fullversjonen er å finna på kommunen si heimeside.

I planstrategien er det siste kapittelet «7. Kommunen sitt samla planbehov» ei oppsummering av kva større planar rådmannen/administrasjonen meiner bør prioriterast i kommunestyreperioden. Det er i hovudsak i dette kapittelet kommunestyret kan/bør gjera endringar eller suppleringar.

Tekst og tabell frå kapittel 7 i planstrategien:

Revisjonar og utarbeidingar som kan gjerast internt av den einskilde eining kan setjast i gong og prioriterast ut i frå einingane sine behov. Dette bør inngå som ein del av rådmannen sin internkontroll. Større planarbeid som det må setjast av mykje tid til eller løyvast ekstra midlar til vert lista opp i tabellen under. Det er desse planane som må inngå i økonomiplanen og kommunestyret sitt årshjul.

Tabell over prioriterte, store planarbeid for kommunestyreperioden 2019-2023:

| Prioritet | Plannamn | Eining | Skildring/kommentar/oppstart |
|-----------|--|-------------------|--|
| 1 | Kommuneplanens samfunnsdel | Samfunnsutvikling | Samfunnet har endra seg mykje sidan vedtaksåret 2007, me treng eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og eit heilt nytt plandokument. Oppstart snarast. |
| 1 | Kommunedelplan for akvakultur | Samfunnsutvikling | Utvikling innanfor akvakulturnæringa har gjort at det er ynskje om endringar i areala som er avsette til akvakultur i kommuneplankartet. Det er difor behov for ei snarleg rullering av sjøareala med fokus på akvakultur. Oppstart 2020. Innleigd konsulenthjelp. |
| 2 | Detaljreguleringsplan for bustader på Erikajordet | Samfunnsutvikling | Bør utarbeidast innanfor ei tidsramme på eit par år, oppstart 2021. Innleigd konsulenthjelp. |
| 2 | Detaljreguleringsplan for strandpromenade Ådland-Bjørkheim | Samfunnsutvikling | Bør utarbeidast innanfor ei tidsramme på eit par år, oppstart 2021. Innleigd konsulenthjelp. Masterstudent skal gjera eit forprosjekt våren 2020. |
| 2 | Kommuneplanens arealdel | Samfunnsutvikling | Oppstart i løpet av 2021, så snart samfunnsdelen er vedteken. |
| Prioritet | Plannamn | Eining | Skildring/kommentar/oppstart |
| 1 | Økonomi-reglementet | Rådmannskontoret | Gjeldande reglement er overmodent for revisjon. |
| 1 | Vidaredelegering av rådmannen sitt mynde | Rådmannskontoret | Arbeidet vil krevja ein del involvering frå einingane, i tillegg til at det må vera ein prosjektansvarleg. |
| 2 | IKT-reglement for tilsette | Rådmannskontoret | Heng saman med innføringa av GDPR m.m. Det er eigentleg behov for eit eige internkontrollsystem knytt til IKT/datatryggleik, jf. krav i lovverket. Dersom arbeidet skal gjerast skikkeleg, må det vera ein prosjektansvarleg som har tilstrekkeleg tidsressurs. |
| 2 | Revisjon av | Rådmannskontoret | Behov for revisjon av prosedyre for |

| | | | |
|------------------|------------------------|-------------------|--|
| | internkontrollsystemet | | korleis internkontrollen vert følgd opp. Me brukar kommuneforlaget sitt system, og det er tid for å undersøka om der finst betre system. |
| 3 | Beredskapsplan | Rådmannskontoret | Skal reviderast så snart ny overordna ROS-analyse ligg føre i samband med kommuneplanens arealdel. |
| Prioritet | Plannamn | Eining | Skildring/kommentar/oppstart |
| 1 | Arkivplan | Innbyggjarservice | Lovpålagt jf. arkivloven § 2. Oppstart snarast. Det må setjast av tid i eininga. |
| 2 | Kulturplan | Innbyggjarservice | Planperioden er utgått, og planen må fornyast. |